

NM MASTERS ALPINT 2016

(VETERANMEISTERSKAP)



HOVUDSPONSORAR:



PORSCHE
Porsche Center Bergen



ARRANGØRAR:



PRAKTISK INFO

Organisasjonskomité:

Leiar:	Knut Kettermann
Sponsoransvarleg:	Christine Neumann
Premieansvarleg:	Jan Fredrik Fleischer Tønjum
Renn teknisk:	Nils Een Hallstein Finne Jon Aske Ole Kristian Skorve
Sosiale Mediar & Presse:	Frode Helland <i>#mastersalpint2016, #myrkdalen, #porschecenterbergen</i>
Foto:	Sture Nepstad
Festkomité:	Christine Neumann Else Gerd Dugstad Jon Aske

Rennleiing:

Super G:	Knut Kettermann: <i>Rennleiar</i> Nils Akselberg: <i>Ass. rennleiar</i>
SSL & SL:	Nils Akselberg: <i>Rennleiar</i> Sigbjørn Dugstad: <i>Ass. rennleiar</i>
TD:	Lars Tennebekk
Dommar:	Asle Bergstrøm

Rennkontor:

Rennkontor vert bemanna kvar dag og vert å finna i møtelokalet "Bygardsli" i 1. etasje på Myrkdalen Hotel. Opningstider sjå oppslag ved inngangsdøra.

Prepperom:

I møterommet Storebotn 1 i 1. etasje på Myrkdalen Hotel.

Rennkort:

kr. 250,- pr. døger. Kan kjøpast i hotellresepsjonen

Butikkar:

Myrkdalsstovo 1. etasje, opningstid kl. 0830—1900 Nærbutikk på Vinje. 10 min frå Myrkdalen Fjellandsby

Velkomen til Voss

Voss har mange kvaliteter. Bygda er kjent som medaljebygda, med meir enn 80 VM- og OL-medaljar i vinteridrett. Bygda er arrangørbygda som gjerne tek på seg å vera vertskap for store og små arrangement. Og, Voss er Vestlandet sin vintersportsho-vudstad, mellom anna kåra til beste vinterdestinasjon for alle som eg glad i å ha ski på beina.

Ei slik bygd vil gjerne arrangere NM Masters Alpint. Det å få tidlegare alpinstjerner til Voss, og i tillegg stilla opp med vårt eige stjernelag, er i tråd med det me ønskjer skal skje i bygda vår. Løypene er klare, dugnadsgjengen er klar, så då er spørsmålet, er du klar?

Det er ei glede å ønskja deltakarar, gjester og arrangøren lykke til med NM Masters Alpint 2016 på Voss.



Helsing
Hans-Erik Ringkjøb
Ordfører

Velkommen til NM Master alpint i Myrkdalen 2016

Det er ei stor glede å få helse alpinveteranane velkomne tilbake til Voss og Myrkdalen. Meisterskapen vart sist arrangert i Bavallen, Voss Resort i 2005 og 2009. Denne gongen er det i Myrkdalen det skal skje. Her vil alpinistane få prøve eit anlegg som på 15 år har hatt ein fantastisk utvikling med nye heisar, nytt hotell og vanvittige mengder med snø. Det er imponerende det som har skjedd i her oppe i dalen.

Det er jo ein grunn til at det er 4-5 meter snø i Myrkdalen med nok fuktigheit inn frå Vest. Vi vonar at det frå torsdag til søndag blir opphaldsvêr, blå himmel og 1-2 kul-degrader om natta og nokre varmegrader om dagen. Det ville passe heilt fint.

Voss Alpin har ei stor og aktiv veterangruppe som syner godt att i bakken. Denne vinteren har dei vore ekstra synlege og tydelegvis lagt i hardtrening fram mot NM. Med Nils Een som løypestikkar og innpiskar har det blitt mange turar i løype med påfylgjande syre og ryggverk i massevis. Bra då at ein ser resultat med veksande lårmusklar og god kondisjon. Alpint er perfekt trening for alle aldrar.

Når ein ser over resultatlista frå tidlegare år er det klart at gamle heltar har rusta og nye har kjempa seg opp og fram. Det er berre på hekta at nyleg avgåtte landslagsløparar klarer å halde unda for 50-60 åringar. Det er tøffe tak og ein kan berre tenke seg kva treningsinnsats som ligg bak for å klare dette.

Bra då at det også er tid for fest og moro om kvelden på Myrkdalen Hotell. Eg er trygg på at hotelldirektør Knut Kettermann vil ta seg godt av dykk og at ein reiser heim med gode minner.

Eg vil takke alle våre funksjonærar som stiller opp på dugnad for å lage til meis-terskapen. Takk og til Voss Vidaregåande Skule, Voss Gymnas og Voss Folkehøgskule for at de stiller opp for oss.

Lykke til alle saman og takk for at det valde å kome til oss på Voss.

Olav Lødemel



Leiar Voss Alpin

PROGRAM

KONKURRANSAR

Torsdag 7. april:	Kl. 09.30 - 10.00:	Synfaring	Super G trening
	Kl. 10.30:	Start 1. treningsomgang	
	Kl. 12.00:	Start 2. treningsomgang	
Fredag 8. apr:	Kl. 09.00 - 09.30:	Synfaring	Super G
	Kl. 10.00:	Super G	
Laurdag 9. april:	Kl. 08.30 - 09.00:	Synfaring 1. omgang	SSL
	Kl. 09.30:	Start 1. omgang	
	Kl. 12.30 - 13.00:	Synfaring 2. omgang	
	Kl. 13.30:	Start 2. omgang	
Sundag 10. april:	Kl. 08.30 - 09.00:	Synfaring 1. omgang	SL
	Kl. 09.30:	Start 1. omgang	
	Kl. 12.30 - 13.00:	Synfaring 2. omgang	
	Kl. 13.30:	Start 2. omgang	

SOSIALT

Onsdag 8. april:	Kl. 18.30 - 21.00:	Dagens middag i Restaurant Nuten Mingling i Salto Lobby Bar
Torsdag 7. april:	Kl. 07.00 - 10.00:	Frukost
	Kl. 15.00:	Mingling i Salto Lobby Bar
	Kl. 18.30 - 21.00:	Pizza, pasta og salatbuffet i Restaurant Tunet
Fredag 8. april:	Kl. 07.00 - 10.00:	Frukost
	Kl. 15.00:	After Ski i Pudder Bar med premieutdeling Super G Smaksprøver av lokal spekemat og øl frå Vossakjøt
	Kl. 18.30:	Myrkdaltapas i Restaurant Nuten
	Kl. 22.00 - 02.30:	Nattklubb i Pudder Bar
Laurdag 9. april:	Kl. 07.00 - 10.30:	Frukost
	Kl. 15.00:	After Ski i Pudder Bar frå med premieutdeling SSL
	Kl. 19.30:	Festmiddag i Restaurant Nuten
	Kl. 22.00 - 02.30:	Nattklubb i Pudder
Sundag 10. april:	Kl. 07.00 - 10.30:	Frukost Premieutdeling SL rett etter renn <i>Utsjekk frå hotellroma seinast kl. 15.00</i>



Kjære alpinvenner!

Det er ei stor glede å kunne ynskje velkomen til NM Masters 2016! Einkvar nasjonal meisterskap er med på å setje ein destinasjon på kartet, men me er ekstra stolte av at nettopp NM Masters skal arrangereast hjå oss: Her får me besøk av erfar-ne alpinistar, som har sett og opplevd det som finst av samaliknbare destinasjonar. Me i Myrkdalen Fjellandsby er særns glade for valet av arrangementsstad, og tek dette som eit kvalitetsstempel på det me har å tilby: Ein moderne alpindestinasjon, med høg kvalitet på bakkar, heisar og over-natting. Me lovar å leggja oss ekstra hardt i selen for å sikre at NM Masters 2016 får dei beste mogelege rammene for arrangementet.

Lukke til til alle utøvarar, og nok ein gong: Velkomen til Myrkdalen!

Harald Haaland
Admin. Dir. Myrkdalen Fjellandsby

LØYPEKART:



SPONSORAR:

